



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	21.01.2026	11/26

Detaljplan for miljø og landskap - Vinje Dam - Høyring

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev frå NVE
- 2 NVE ber om alternativ til massedeponi
- 3 Detaljplan for miljø og landskap
- 4 Kart over arealbruk
- 5 Illustrasjoner fra E134

Dokument i saka

[Lenke til NVE si side for prosjektet](#)

Bakgrunn

Vinje Dam tilfredsstillar ikkje dagens krav til damtryggleik, og skal erstattast av ein ny dam nedstraums eksisterande dam. Gjennom revisjon av konsesjonen for Tokke-Vinje vassdraget i 2022, vart det avgjort at det skal sleppast minstevassføring frå Vinjevattn for å forbetre miljøtilstanden i vassdraget.

Prosjektet omfattar bygging av ny lukedam i betong nedstraums eksisterande dam. For å sikre minstevassføring gjennom anleggsfasa vert det etablert ein omløpstunell, i driftsfasa vil minstevassføringa sleppast gjennom ny dam.

Detaljplan for miljø og landskap skal syne arealbruk og prinsipp for terrengtilpassing av mellom anna anleggsvegar, rigg, massetipp osb. Dokumentet beskriv og korleis området skal setjast i stand etter anleggsfasa. Planen vil vera eit styrande dokument for entreprenøren.

NVE har sendt detaljplan for miljø og landskap på høyring, med frist for merknader 6.februar 2026. NVE presiserer at det dei ynskjer attendemelding på er arealbruk, utføring og avbøtande tiltak som er skildra i detaljplanen.

I tillegg til godkjenning frå NVE av detaljplan for miljø og landskap, må Statkraft søke kommunen om dispensasjon for tiltak som er i strid med arealbruken i Kommuneplanens arealdel (KPA).

Prosjektet

Hovudomfang av planlagt arbeid er beskrevet punktvis i rapporten pkt 3.1, side 11 (vedlegg 3). Detaljplan for miljø og landskap har lista opp fem kulepunkt med fokusområder som får særskilt merksemd i prosjektet. Disse er lista opp og beskrevet i punkt 2.2, på side 9 i rapporten (vedlegg 3) og er: *Naturtyper og artar, forureining, støy og støv, overskotsmassar, fisk og akvatiske miljø og friluftsliv*. Avbøtande tiltak er skissert under pkt 2.3, side 10 i rapporten (vedlegg 3).

Kartet som ligg som vedlegg 4 til saka ligg også tilgjengeleg i betre oppløysing på side 34 i rapporten. Kartet syner planlagt arealbruk for heile prosjektet. Statkraft planlegg massedeponi på nabogarden Tveito Sudigard, i samråd med grunneigar, som har lyst til å bygge fjos på planlagt deponi, synt i illustrasjon til venstre som «plass nord for lokalvei». Eit mindre deponi er planlagt sør for lokal veg.

Kommunen har motteke kopi av brev frå NVE til Statkraft, der dei ber Statkraft om å vurdere andre alternativ til massetipp i prosjektet. NVE saknar mellom anna ei landskapsfagleg vurdering av planlagde deponi (sjå vedlegg 2).




Statkraft er i gang med å bygge ny gardsveg til garden Øygarden, slik at dei slepp å køyre/gå gjennom anleggsområdet med anleggstrafikk dagleg mens arbeidet føregjeng.

Vurdering

Planen legg opp til at området skal setjast i stand fortløpande gjennom anleggsperioden. Eksisterande topplag av jord og stein skal takast vare på og nyttast til å gje området eit mest mogleg naturleg preg når arbeidet er ferdig.

Prosjektet har eit masseoverskot, men Vinje kommune er tvilande til løysinga med eit permanent deponi/etablering av fjostomt på Tveito Sudigard. Det kan sjå ut som at deponiet får ei dårleg terrengtilpassing. Administrasjonen har diskutert planane internt (plan, landbruk, skog, byggjesak) og er i tvil på om dette vil vere ei god løysing for landbrukseigedomen. Tippen vil leggje beslag på mykje areal på eigedomen som mellom anna kunne vore nytta til beite og skog. Eigedomen har ikkje bustadhus og tunet er skilt frå resten av eigedomen. I tillegg driv grunneigar gard ein annan stad i kommunen. Det føreligg ingen driftsplan, plan for spreieareal osv. Grunneigar opplyser at sonen bur på oversida av E134 og kan vere interessert i å drive gard her utan at det er kome nokre konkrete planer for dette. Det er uansett ikkje fjosplanane som skal takast stilling til her, men etablering av tippen (tomta).

Skjermdump frå kommunekart 3D (under) syner området der det skal etablertast tipp/fjostomt, sett frå E134 når ein køyrer frå Åmot og mot Edland. I vedlegg 5 er det lagt ved 3D illustrasjon over tippsett sett frå E134, som er ettersendt frå Statkraft på førespurnad frå kommunen.



Alternativ bruk av overskotsmassar

NVE har utfordra Statkraft på å finne alternativ for bruk av overskotsmassane. Når det kom krav om minstevassføring i vassdraget vart det problem i høve kryssing av Vinjeåi ved Brubakk for skiløypa. Vinje kommune ynskjer å utfordre Statkraft på å undersøke om det er mogleg å nytte overskotsmassane slik at Statkraft kan utbetre kryssing av åi ved Brubakk, slik at lysløypa kan køyrast.

I reguleringsplanen for Vinje kraftverk/Sandnes er kommunens datasentertomt delt av ei kunstig re-etablert evje, som også går inn på 64/13. For ei meir konsertert utnytting av eigeidomen 64/32 kunne evja med fordel vore fylt igjen. Dette kan vere eit alternativ til den føreslegne løysinga. Kommunen kjenner ikkje til kor mange kubikk som dette forslaget kan gje.



Andre attendemeldingar

I «Notat naturmangfold» som ligg vedlagt planen er det utført kartlegging og oppsummering av verdiar for naturmangfold. Tiltaksområdet er kartlagt i felt for naturtyper etter Miljødirektoratets instruks og raudlista/framande artar. Kartleggingsområdet omfattar ikkje område for massedeponi eller mellombels riggområde, då dette er kome inn i planane etter kartlegginga var gjennomført. Desse områda er vurdert gjennom informasjon i databaser, eksisterande informasjon og kart/bilder. Sidan det er gjort funn av naturverdiar i området som er kartlagt i felt, som ikkje er registrert i eksisterande databaser, kan det potensielt også vere naturverdiar i områda som ikkje er kartlagt i felt. Kommunen meiner difor at dersom desse områda skal inngå i prosjektet, må desse undersøkast i felt for å avklare status for eventuelle naturverdiar som må takast omsyn til.

Det er kommentert i notatet at kalkgranskogen strekker seg ut over kartleggingsområdet. Det kjem ikkje fram av rapporten om det er vurdert storleik og verdi på heile området, eller berre det som er innanfor kartleggingsområdet. Det er mogleg at kalkgranskogen hadde fått endå større verdi om den hadde vore vurdert ut over kartleggingsområdet. For eksempel ligg mellombels riggområde, som berre er kartlagt via eksisterande informasjon på pc, rett ved kalkgranskogen.

Andre kommentarar til notat om naturmangfald:

- Notatet manglar referanse til naturmangfaldkvalitet og tilstandskvalitet – som saman skal avgjere lokalitetskvalitet.
- Det må vurderast om det bør setjast krav til KU for tiltak inn i områder med funn av naturverdiar.
- Det må først på referanse til kva type kartleggingsinstruks som er nytta.
- Det bør leggjast inn krav til breidde på kantsona. Setning pkt 4.7 om kantvegetasjon: «*kantsona skal ivaretas så langt det lar seg gjøere*» er for svak.
- Punkt 4.5 siste setning rår kommunen til at «**bør**», byttes med «**skal**»: «*Forberedende hogst bør utføres høst/tidlig vinter for å unngå fuglenes hekkeperiode*».
- Vurdere om det bør tas ny vurdering etter naturmangfaldlova § 8-12, når området er kartlagt i sin heilskap.

Det ligg ein eigedom innanfor tiltaksområdet som er registrert på ein annan person (28/14). Tilhøvet til denne eigedomen må avklarast.

Norconsult har sjekka NGU sitt register for drikkevasskjelder i nærleiken. Denne oversikten er ikkje fullstendig. Det er krav om å registrere alle drikkevasskjelder som forsyner to eller fleire husstandar hjå Mattilsynet. Det er mogleg dei kan bidra med informasjon. Det er ikkje tillat å forureine andre sitt drikkevatt, slik at ein kan ikkje basere seg på å bare undersøke ei database som ikkje er fullstendig. I distrikta har fleirtalet privat VA anlegg, då det ikkje er lagt opp kommunale fellesløysingar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune har sett gjennom *Detaljplan for miljø og landskap* og har fylgjande kommentarar:

- Vinje kommune er skeptisk til løysinga med permanent massedeponi/framtidig fjostomt på eigedom 28/30.
- Ber om at Statkraft vurderar å nytte overskotsmassar til oppfylling av datasentertomt ved Vinje kraftverk og til etablering av kryssing av Vinjeåi ved Brubakk.
- Naturtypekartlegging er berre gjennomført på delar av tiltaksområde. Det må gjennomførast kartlegging i felt på heile området, dersom desse områda skal nyttast i prosjektet. Detaljplan for miljø og landskap må oppdaterast i tråd med eventuelle resultat i kartlegginga, punkt nedanfor må også vurderast:
 - Notatet manglar referanse til naturmangfaldkvalitet og tilstandskvalitet – som saman skal avgjere lokalitetskvalitet på naturverdiar som er funne.
 - Vurdere om det bør setjast krav til KU.
 - Referanse til kva type kartleggingsinstruks som er nytta.

- Krav til breidde på kantsona. Setning pkt 4.7 om kantvegetasjon: «*kantsona skal ivaretas så langt det lar seg gjøre*» er for svak.
- Punkt 4.5 siste setning. Kommunen rår til at «**bør**», byttes med «**skal**»: «*Forberedende hogst bør utføres høst/tidlig vinter for å unngå fuglenes hekkeperiode*».
- Vurdere om det bør tas ny vurdering etter naturmangfaldlova § 8-12, når området er kartlagt i sin heilskap.

Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 11/2026 i møtet den 21.01.2026

Røysting

Framlegg frå Kjersti Kaasa (SV):

Endring 2. strekpunkt -

Vinje kommune ber om at Statkraft, i tråd med NVE si oppmoding, greier ut realistiske og gjennomførbare alternativ for bruk av overskotsmassar, med sikte på best mogleg landskapstilpassing og minst mogleg samla miljøpåverknad.

Kommunedirektørens framlegg strekpunkt 1 blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Kommunedirektørens framlegg strekpunkt 2 blei sett opp mot endringsframlegget til Kaasa.

Kaasas framlegg blei samrøystes vedteke

Kommunedirektørens framlegg til strekpunkt 3 blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Vinje kommune har sett gjennom Detaljplan for miljø og landskap og har fylgjande kommentarar:

- Vinje kommune er skeptisk til løysinga med permanent massedeponi/framtidig fjostomt på eigedom 28/30.

- Vinje kommune ber om at Statkraft, i tråd med NVE si oppmoding, greier ut realistiske og gjennomførbare alternativ for bruk av overskotsmassar, med sikte på best mogleg landskapstilpassing og minst mogleg samla miljøpåverknad.

- Naturtypekartlegging er berre gjennomført på delar av tiltaksområde. Det må gjennomførast kartlegging i felt på heile området, dersom desse områda skal nyttast i prosjektet. Detaljplan for miljø og landskap må oppdaterast i tråd med eventuelle resultat i kartlegginga, punkt nedanfor må også vurderast:

- Notatet manglar referanse til naturmangfaldkvalitet og tilstandskvalitet – som saman skal avgjere lokalitetskvalitet på naturverdiar som er funne.
- Vurdere om det bør setjast krav til KU.
- Referanse til kva type kartleggingsinstruks som er nytta.
- Krav til breidde på kantsona. Setning pkt 4.7 om kantvegetasjon: «*kantsona skal ivaretas så langt det lar seg gjøre*» er for svak.

- Punkt 4.5 siste setning. Kommunen rår til at «bør», byttes med «skal»: «Forberedende hogst bør utføres høst/tidlig vinter for å unngå fuglenes hekkeperiode».
 - Vurdere om det bør tas ny vurdering etter naturmangfaldlova § 8-12, når området er kartlagt i sin heilskap.
-